

perspektiv




Blom Kenneth Blom stiller ut nye malerier på Galleri Haaken i Oslo 26. august til 27. september. Blom er født i Roskilde i Danmark, men bor og jobber i Oslo. Her ser vi «Ankomst».

Langlysrefleksjonar

Har du opplevd det? Har du opplevd å stå ved rekka av hurtigruta å sjå mot land å tenke; kva gjer dei her? Eller å køyre langs dei einsame bygdevegane våre med langlysa på og tenke; kvifor bur folk her?

Jau da, me forstår det når me ser gardsbruka. Me forstår det når me ser eit av dei mange velstelte vestlandsbruka med 70-tals fjøs og tilhøyrande tårnsiloar, me forstår det når me ser dei korrekt kvitmala våningshusa kledd med vestlandspanel, sjøvendt ark og skifer på taket. Me forstår det også når me passerer eit av dei mange karakteristiske trøndertuna med den smale og altfor lange hovudlåna som saman med dei andre bygningane krinsar om gardsplassen som eit vernande fort mot den gnagande kalde elvedalskjella ein tidleg vårmorgon. Me forstår det også når me ser det fancy arkitektheikna designarhuset ytst ute på ein bergknaus som opnar seg mot det frådande storhavet eller like gjerne mot den spegelblanke fjordarma som breier seg ut framom den glaskledd fasaden og inngår som ein naturleg del i den postmoderne



Bjørn Egil Flø
I DAG

inreidde installasjonen som skaper basisen for kreativiteten for det unge paret med dei frie yrkja som veit det er lengre til London frå Holmenkollen enn frå Haram.

Alt dette er noko me kan forstå, for det er dette professorane og amanuensisane har studert i fleire mannsaldrar no – det rurale og ruraliteten. Dei har fortalt oss at det både er materielle og immaterielle grunna for å bu ruralt. Dei har dosert om produksjonslandskapet og om dei stadeigne ressursane som einast let seg nytte der dei er. Dei har snakka om nære fiskegrunnar som gjev grunnlag for det kystnære fisket og gjer det rasjonelt å bu på Husøy. Dei har grunngeve busetnadsrasjonaliteten med døme frå den britiske landsbygda som opplevde kontraurbanise-

ring som fylgje av at London vart for trongbudd og krevjande. Dei har snakka om dei nye rurale som bruker det landlege som kjelde for inspirasjon, kreativitet og meningsinnhald og om dei som søker det rurale og det heimslege og oversiktlege i von om at det skal skape mening når omverda vert global og uoversiktleg.

Men korleis forklarar me alle dei andre? Korleis forklarar me kva dei gjer her alle dei vanlege menneska, dei som verken eig gardsbruka, linebåtane eller dei fancy designarhusa som aspirerer for å få Interiørmagasinet på vitjing? Korleis forstår me alle desse som faktisk utgjer den store massen av dei rurale? Alle desse som bur her som *ikkje* flyttar til byen trass det tilsynelatande ikkje er noko som held dei att? Slik me forstår kunnskapen om det rurale og ruraliteten i dag, er det det som er gåta. Det at folk faktisk ikkje flyttar, det er det me forstår minst av og det er det det er verd å sjå nærare på. Spørsmålet er framleis; kva gjer dei her?

Bjørn Egil Flø,
forskar, Norsk senter for bygdeforskning
bjorn.flø@bygdeforskning.no

KLASSEKAMPEN
– utfordrer det etablerte

AKKURAT NÅ

Grilldress

Jeg har fått ny sykkel. Den er knallblå. Den er en drøm å sykle på, det er lett å gire, lett å bremse, lett å svinge. Min andre sykkel (ja, jeg har to, en til bysykling, en til mer alvorlig sykling) er en gammel kombisykkel med kurv, som har den fine klikkelyden når hjulene går rundt.

Bysykkelen min står mitt hjerte nær. Den ble reddet fra en container i Fredrikstad på hyttetur hos venner. Men det aller beste var at den hadde en venn. Vennen tilhører min kjære, som oppdaget syklene sammen med meg.

Vi har pusset kombisyklene våre, skiftet kjeder og seter, kjøpt inn kurv til meg, nye håndtak til han. Den er perfekt for sykling med skjørt og poser på håndtaket, skulle kurven være full. Og når vi sammen tar turen til den hyggelige kafeen med de gode rundstykkene på lørdager når det er fint vær, vekker vi en bølge av nostalgi når vi sykler forbi store og små. «Se på den sykkelene der, mamma!» får vi høre. «Også var det to av dem,» supplerer de voksne gjerne, og legger kanskje til at «sånn hadde jeg/mor/farmor en gang i tida».

Så var det dette nye vidunderet. En skikkelig bysykkel den også, men nyere, blankere, mer fancy.

Og den har en venn. En knallgrønn en, som tilhører min kjære. Og min kjære har utstyrt meg og seg selv med knallgule sykkeljakker, slik at vi ikke blir påkjørt.

Så da syklet vi av gårde, en knallblå, en knallgrønn, begge i knallgult, innover Mari-dalsveien, forbi vannet og mange sykklister som allerede hadde vært på tur og som kom motsatt vei, på vei hjem.

Blikkene var like mange, smilene var like mange, men etter hvert gikk det opp for meg at verken var nostalgi eller beundring. Snarere undring.

Det går gradvis opp for meg: Vi har så å si matchende grilldresser.

Men turen? Den var flott!
Fruget



Programmet «Antiques Roadshow» tiltrekker seg folk med diverse krimskrams som de tror eller håper er verd en formue. Imidlertid er ikke alle like heldige: Nylig kom en mann med det han trodde var en verdifull, gammel flaske, ifølge ananova.com. Eksperten måtte fortelle at flasken var trolig fra 2008, kjøpt på supermarkedet.